



Arkivnr: 2015/3608-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.04.2015

## Fordeling av regionale næringsfond 2015

### Samandrag

Statlege øyremerka midlar til regionale/kommunale næringsfond, som i 2013 var på 10,8 millionar kroner, blei tatt bort i 2014. Frå og med i fjor vart det difor opp til fylkeskommunane sjølv å prioritere desse fonda innafor dei ordinære rammene. Under handsaminga av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» (sak 50/2015) vedtok fylkesutvalet å avsette ei ramme på 2,0 millionar kroner til regionale næringsfond øyremerkt entreprenørskap og/eller konkret etablerarstøtte. Fylkesrådmannen vart også bedt om å vurdera om noko av midlane kunne nyttast til småprosjekt med stor regional verdi. Denne saka gjeld kva retningslinjer som skal gjelda for bruken av midlane, og korleis fordelinga skal vera mellom regionane.

Fylkesrådmannen tilrår at dei regionale næringsfonda vært nytta som eit målretta tilskot på 50.000 kroner til ny-etablerte verksemder. Dette vil gje ei offensiv satsing på 40 nye gründerverksemder, samstundes som det er i tråd med nasjonale retningslinjer og føringane som er lagt i den regionale næringsplanen. Fylkesrådmannen tilrår også at det vert gjort ei ny fordeling mellom regionane. Fordelinga må sjåast i samanheng med framtidig organisering av etablerarretteingstenestene i førstelinja i Hordaland (RS 33/2015).

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at det regionale næringsfondet blir fordelt mellom Bergensregionen, Sunnhordland og Hardanger slik at kvar region får ei basisløyving på 680 000 kroner (34 %), og dei resterande 1 320 000 kroner (64 %) vert fordelt med utgangspunkt i folketallet i regionane.

### Forslag til vedtak

1. Ramma for regionale næringsfond på 2 000 000 kroner for 2015 blir fordelt slik:

Sunnhordland	kr 324 000,-
Hardanger	kr 286 000,-
Bergensregionen	kr 1 390 000,-

2. Midlane skal nyttast som eit målretta tilskot på 50.000 kroner til kompetanseheving for ny-etablerte verksemder

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.03.2015

Dei regionale næringsfonda har i ei årrekke vore viktige i det lokale og regionale næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Det vart difor vurdert som for drastisk å kutte løyvingane heilt då det øyremerka tilskotet på 10,8 millionar kroner falt bort 2014. I staden blei det valt ei løysing kor 4,0 millionar kroner av øyremerka midlar til omstilling blei overført til regionale næringsfond. I 2015 vart dei statlege midlane til omstilling halvert til 3,0 millionar kroner. Samstundes har utfordringane knytt til omstilling og nyskaping auka, særleg som følgje av redusert aktivitet i petroleumssektoren. Med dette som bakteppe vedtok fylkesutvalet under handsaminga av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» (sak 50/2015) å avsette ei ramme på 2,0 millionar kroner til regionale næringsfond i 2015, øyremerkt entreprenørskap og/eller konkret etablerarstøtte. Fylkesutvalet ynskte også ei vurdering om midlane kunne nyttast til småprosjekt med stor regional verdi. Basert på dei økonomiske rammene tilrår fylkesrådmannen i denne omgang at dei regionale næringsfonda vert prioritert til etablerarar og ny næringsverksemd. Sjølv om det ofte ikkje er snakk om så store summar er det viktige midlar for dei som mottar slik støtte. Dette er også i tråd med ein av hovudstrategiane i næringsplanen om meir entreprenørskap.

Innovasjon Noreg tilbyr i dag ei ordning med etablerartilskot til gründerbedrifter med vekstambisjonar og ein forretningsidé som representerer noko vesentleg nytt i marknaden. Denne ordninga passar ikkje for alle ny-etablerte bedrifter, og fylkesrådmannen ser for seg at det regionale næringsfondet kan vera eit alternativ som tilbyr eit etablerartilskot på 50.000 kroner til bedrifter som fell utanfor denne ordninga. Etablerartilskotet kan bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfase, og gje gründeren kompetanse om marknad og økonomi. Sidan tilskotet er eit fast beløp basert på ei fagleg vurdering, kan søknader også handsamast administrativt, raskt og effektivt.

Fylkesrådmannen har vurdert om det regionale næringsfondet også kan nyttast til småprosjekt med stor regional verdi, men finn i denne omgang ikkje rom for dette. I den samanheng gjer fylkesrådmannen merksam på at kommunar og regionråd allereie har høve til å søkja prosjektfinansiering frå midlane som er sett av i det årlege handlingsprogrammet for næringsutvikling.

### 1. Retningslinjer og geografisk verkeområde

Hordaland fylkeskommune står ikkje heilt fritt i korleis midlane kan bli brukt. Tiltak som vert prioriterte over posten, må vere i tråd med vilkåra Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) set for bruk av løyvingar over Kap 551.60 i statsbudsjettet. For 2015 er det lagt til grunn at den regionalpolitiske innsatsen skal rettast mot å utvikle samspelet og fellesskapet mellom byane og regionane omkring, og betra næringslivet sine generelle rammevilkår. Andre vilkår for bruken av midlane er:

- Nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioriterast
- Midlane skal målrettast mot verdiskaping og tiltak retta mot nettverk, bedrifter og etablerarar

Forvaltninga og verkemiddelbruken skal også vera i tråd med «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*». For regionale næringsfond betyr dette at det kan gis investeringstilskot og utviklingstilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. I tillegg opnar det for at midlane kan brukast utanfor det distriktpolitiske verkemiddelområdet for å utløysa det regionale verdiskapingspotensialet, og for å utvikla attraktive regionar og senter for næringsliv i alle delar av fylket. Vidare må bruken vere i tråd med retningslinjer fastlagd av fylkesutvalet. Sidan fylkesrådmannen tilrår at midlane skal målrettast etablerarstøtte til nye verksemdar, vert dei fylkeskommunale retningslinjene justert i tråd med dette:

- Midlane skal forvaltast i tråd med «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*» og prioriteringar i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*».
- Midlane skal tildelast som eit etablerartilskot på 50.000 kroner til ny-etablerte verksemdar
- Det er ikkje høve til å gje tilskot til bedrifter som allereie har fått etablerartilskot frå Innovasjon Norge
- Etablerartilskotet skal vera basert på faglege vurderingar, og administrativt handsaming

Midlar frå regionale næringsfond kan ikkje brukast til:

- a) Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemdar sin eigenkapital
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

Det distriktpolitiske virkeområdet (DPV) vart justert og endra i desember 2014. I den modellen som fylkesutvalet vedtok i 2007 som grunnlag for fordelinga av ramma på regionane, var det eit overordna mål å

få ei sterk prioritering av dei regionane med dei største distriktpolitiske utfordringane. Endra distriktpolitisk virkeområdet i 2014, kombinert med nasjonale målsetjingar om at den regionalpolitiske innsatsen skal styrka samspelet og fellesskapet mellom byane og regionane omkring, gjer at fylkesrådmannen foreslår ei prioritering og fordeling av det regionale næringsfondet som er betre tilpassa korleis kommunane er organisert og samarbeider på regionnivå i dag.

I og rundt Bergen er det i dag 22 kommunar som har inngått eit strategisk samarbeid for å få til god samhandling mellom næringsliv, forskning og utvikling og det offentlige i alle dei samarbeidande kommunane. Dei resterande kommunane i fylket er heimehøyrande i Hardanger og Sunnhordland. Med dette som utgangspunkt foreslår fylkesrådmannen at det regionale næringsfondet blir fordelt på fylgjande tre regionar:

- **Hardanger** med kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.
- **Sunnhordland** med kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio.
- **Bergensregionen** med kommunane Austevoll, Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Stord, Sund, Tysnes, Vaksdal, Voss og Øygarden.

Sidan samspelet og fellesskapet mellom byane og regionane omkring er eit prioritert satsingsområde, både i den regionale næringsplanen og no også i prioriteringa til KMD, medfører dette at den tidlegare vektinga basert på distriktpolitisk virkeområde blir endra. Fylkesrådmannen foreslår i den samanheng at dei tre regionane deler likt eit basistilskot på 34 prosent av den totale ramma for det regionale næringsfondet. Dei resterande midlane (64 %) blir fordelt mellom regionane basert på folketalet pr. 1. januar i tildelingsåret.

## 2. Bruken av dei regionale næringsfonda i 2014:

	Sunnhordland	Hardanger	Voss	Nordhordland	Bjørnefjorden	Gode Sirklar	Osterfjorden
Saldo pr. 1/1 2014	1 176 000	981 000	23 000	180 000	943 000		1 181 000
Tildelt frå HFK 2013	1 175 000	1 244 000	424 000	265 000	236 000	200 000	456 000
Renter o.a. tilførsel		123 000		21 000	88 000		
Tilbakeførte tilsegn		120 000					
<b>Til fordeling i 2014</b>	<b>2 351 000</b>	<b>2 468 000</b>	<b>447 000</b>	<b>466 000</b>	<b>1 267 000</b>	<b>200 000</b>	<b>1 637 000</b>
Tal på tilsegn	25	13	7	6	0	3	10
<b>Fordeling i 2014</b>							
Nyskaping/Entreprenørskap	733 000	350 000	150 000	280 000			275 000
Rekruttering/Omdømme	97 500	200 000		125 000			
Reiseliv	292 500	75 000	180 000				
Kulturnærings	190 000	215 000	80 000				460 000
Skjønsmidlar	200 000					200 000	
Administrasjon	97 500	104 000		2 000			
Eigne prosjekt		200 000					
<b>Disponert i 2014:</b>	<b>1 611 000</b>	<b>1 374 000</b>	<b>410 000</b>	<b>407 000</b>	<b>0</b>	<b>200 000</b>	<b>735 000</b>
<b>Overført til 2015</b>	<b>740 000</b>	<b>1 094 000</b>	<b>37 000</b>	<b>59 000</b>	<b>1 267 000</b>	<b>0</b>	<b>902 000</b>

Fordelinga på kategori er gjort etter skjøn basert på den einkilde tilsegnsmottakar.

I 2014 fordelte regionråda totalt sett ca. 4,7 millionar kroner av fondsmidla på 4,0 millionar kroner. Årsaka til at det vart fordelt meir midlar enn ramma frå fylkeskommunen, er at fleire av regionråda har ein relativ stor kapitalreserve som vert overført frå år til år. Delar av denne kapitalreserven er tilbakeførte- og ubrukte tilsegn, men noko er også unyttige fondsmidlar som regionråda har samla opp. Totalt hadde regionråda nesten 4,1 millionar kroner på konto ved årsskiftet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig at desse midlane kjem næringslivet i regionen til gode, og vil oppmoda regionråda om å fordela midlane i tråd med tidlegare partnerskapsavtaler og retningslinjer i tildelingsbrev. Regionråda kan også velja å bruka midlane som etablerartilskot slik som det er foreslått i denne saka.

**5. Total fordeling av midlane til dei regionale næringsfonda for 2015**

Med utgangspunkt i retningslinene og prioriteringsmodellen gjer fylkesrådmannen framlegg om følgjande fordeling i 2015.

<b>Region</b>	<b>Basis-tildeling</b>	<b>Folketals-tildeling</b>	<b>SUM tildelt</b>
Sunnhordland	227 000	97 000	324 000
Hardanger	227 000	59 000	286 000
Bergensregionen	226 000	1 164 000	1 390 000
<b>SUM</b>	<b>680 000</b>	<b>1 320 000</b>	<b>2 000 000</b>